



Rapport for

Bærekraftig forretningspraksis 2019

for Lerum AS





Til lesere av rapporten

Næringslivet spiller en nøkkelrolle i å oppnå FNs bærekraftsmål. Et velfungerende og ansvarlig næringsliv bidrar til bærekraftig utvikling gjennom verdi- og jobbskaping, og med nye løsninger på globale utfordringer. Likevel kan virksomheter også medvirke til negativ påvirkning på mennesker, samfunn og miljø. Medlemmer i Etisk handel Norge har derfor forpliktet seg til å jobbe med aktsomhetsvurderinger for å jobbe for mer bærekraftig forretningspraksis.

Til grunn for dette arbeidet ligger Etisk handel Norges prinsipper som dekker områdene anstendig arbeid, menneskerettigheter, miljø/klima, antikorrupsjon og dyrevelferd. Medlemmene er forpliktet til hvert år å rapportere om hvilke utfordringer de står overfor og hvilke tiltak som gjennomføres for å håndtere utfordringene. Nå i 2020, er rapporteringsmalen ny og er bygget rundt OECDs modell for aktsomhetsvurderinger. Det er nytt for oss, og det er nytt for våre medlemmer. Det er denne rapporten du sitter med nå. Rapporten er offentlig tilgjengelig.

Malen for medlemsrapporteringen søker å svare på forventningene til arbeid med ansvarlig næringsliv og bærekraftig forretningspraksis som beskrevet i FNs veiledende prinsipper for næringsliv og menneskerettigheter og OECDs retningslinjer for flernasjonale selskaper. Rapporteringen til Etisk handel Norge dekker vesentlige elementer i rapporteringsrammeverket til Global Report Initiative (GRI) og kan benyttes som framdriftsrapport til Global Compact.

Heidi Furustøl


Daglig leder

Etisk handel Norge

Aktsomhetsvurderinger

Denne rapporten er bygget rundt FNs veiledende prinsipper for næringsliv og menneskerettigheter og OECDs modell for aktsomhetsvurderinger for ansvarlig næringsliv.

Modellen har seks trinn som beskriver hvordan virksomheter kan jobbe for mer ansvarlig og bærekraftig forretningspraksis. Å være god på aktsomhetsvurderinger betyr ikke at en virksomhet ikke har negativ påvirkning på mennesker, samfunn og miljø, men heller at virksomheten er åpen og ærlig om utfordringer og håndterer dette på best mulig måte i samråd med sine interessenter. Denne rapporten er delt inn i kapitler basert på denne modellen.



Forord av daglig leder

Gjennom fire generasjoner, sidan 1907, har Lerum laga produkt av frukt og bær. Vi kombinerar norske tradisjonar med kunnskap om foredling og ernæring, i tråd med trendane i marknaden og preferansane hjå forbrukarane. Vi kombinerar sunn forretningsdrift med etisk åtferd. I tillegg til eiga verdiskaping, er det viktig for Lerum å bidra til positiv samfunnsutvikling.

For oss i Lerum inneber bærekraft at vi tek sosiale, etiske og miljømessige omsyn kvar einaste dag. Vi ynskjer å ta ansvar for det samfunnet vi alle er ein del av, og menneska rundt oss. Vi arbeider mellom anna med å utvikle sunnare produkt, redusere matsvinn og lansere produkt som gir forbrukaren høve til å gjere gode miljøval i kvardagen. Eit anna viktig område for oss er å gje forbrukaren trygg og god mat gjennom kontroll på produksjonsprosessen, best kvalitet og god oppfølging av våre leverandørar. Vi kallar det «Frukt- og Bærekraft».

I inneverande strategiperiode har vi valgt ut 4 område som vi har eit ekstra fokus på:

Menneske:

- Vi skal kombinere sunn forretningsdrift med etisk åtferd.
- Vi skal bidra til positiv samfunnsutvikling
- Vi skal ha glade, fornøgde og motiverte menneske i vår verdikjede.
- Vi skal arbeide for auka trivsel på arbeidsplassen og for våre samarbeidspartnere.

Sunnheit og helse:

- Vi skal arbeide kontinuerleg med å utvikle produkt som er laga av sunne og rette råvarer og ingrediensar.
- Vi skal betre nordmenn si helse ved å forbetre produkta gjennom meir frukt og bær, mindre sukker og betre foredling
- Vi skal bidra til eit lenger og sunnare liv for våre forbrukarar.

Miljø:

- Vi skal bruke råvarer, emballasje og kjemikaliar som påverkar miljøet så lite som mogleg og vi skal arbeide for mindre avfall til deponi og meir avfall til gjenvinning ved å kildesortere og i størst mogleg grad nytte emballasje som kan gjenvinnast.
- Vi skal arbeide for at miljøbelastninga frå transporten vert så liten som mogleg, og vi skal redusera energi- og vatnforbruket.

Frukt & Bær:

- Vi er lidenskapeleg oppteken av frukt og bær, og sikrer gode levevilkår for frukt og bær gjennom samarbeid med lokale fruktbønder og gjennom langsiktige relasjonar internasjonalt.

Ved å vere medlem av Etisk Handel Norge har vi forplikta oss til å fremje ansvarleg forretningspraksis i leverandørkjeda slik at handel bidreg til å ivareta menneske- og arbeidstakarrettigheter, samfunn og miljø. Ved å vere medlem får vi tilgang til individuell rådgivning og oppfølging, kurs, ressursar og verktøy slik at vi kan arbeide med kontinuerlege forbetringar på dette området.

" For oss i Lerum inneber bærekraft at vi tek sosiale, etiske og miljømessige omsyn kvar einaste dag. "

Trine Lerum Hjelldhaug
Administrerende direktør

Nøkkelinformasjon om bedriften og leverandørkjeden

Nøkkelinformasjon om bedriften

Navn på bedriften

Lerum AS

Adresse hovedkontor

Kloppavegen 13, 6854 Kaupanger

Viktigste merker, produkter og tjenester

Eigenprodusert produktportefølje med saft, syltetøy, smudi, jus, brus og leskedrikk. I tillegg produserer vi saft, syltetøy og jus med kjedane sine egne merke, samt fruitprep til industri.

Beskrivelse bedriftens struktur

Lerum AS er ei norsk familiebedrift som i over 110 år har laga produkt av frukt og bær. Fjerde generasjon av familien eig og driv bedrifta, som er ein landsdekkande leverandør av saft, syltetøy, jus, brus og leskedrikk. Produkta våre vert distribuerte gjennom dei fleste daglegvarekjedene, samt utvalde produkt til offentlig sektor.

I tillegg eksporterer vi ulike variantar av våre leskedrikkar til Sverige.

Produksjonsanlegget og hovudkontoret ligg i Kaupanger, medan salskontoret ligg i Asker.

Omsetning i rapporteringsåret (NOK)

546 596 469

Antall ansatte

130

Vesentlige organisatoriske endringer siden forrige rapportering (fusjoner, oppkjøp eller lignende)

Ingen.

Navn, tittel for kontaktperson for rapporten

Lorraine Thompson, Rådgivar innkjøp og etisk handel ansvarleg

E-post adresse for kontaktperson for rapporten

lorraine.thompson@lerum.no

Informasjon om leverandørkjeden

Generell beskrivelse av bedriftens innkjøpsmodell og leverandørkjeden

Lerum har ei internasjonal leverandørkjede.

Denne rapporten omfatter våre innkjøp av råvarer og emballasje.

Hovudsakleg har vi direkte leverandørforhold med produsentane og kjøper direkte frå dei. I andre tilfelle brukar vi mellomledd i innkjøpsprosessen der det er meir praktisk å gjere det.

Antall leverandører som bedriften har hatt kommersielle relasjonar med i rapporteringsåret

105

Kommentar til antall leverandører

Leverandørar av råvarer og emballasje.

Type innkjøp/ leverandørforhold



Helt/delvis egeneid
produksjon



Innkjøp direkte fra
produsent



Innkjøp via
agent/mellomledd/in




Annet

Eige produksjonsanlegg i Kaupanger for produksjon av alle produkta nemnt ovanfor.

Innkjøp prosentdel basert på innkjøpsomsetning for rapporteringsåret.

Liste over førsteleddsprodusenter per land



Oppgi antall arbeidere hos førsteleddsprodusenter som bedriften har oversikt over, og hvor mange produsenter er dette basert på.

Antall arbeidere

Antall produsenter dette er basert på

Kommentar til antall arbeidere

Dette har vi delvis informasjon på, som er ikke kartlagt i vår leverandørdatabase per i dag. Kartlegging av antall arbeidere hjå produsentene er planlagt 2020 ved implementering av det nye eigenrapporteringsystemet for leverandører.

Viktigste innsatsfaktorer/råvarer og geografi

Konsentrat	Brasil Tyskland Norge Polen
Frukt og bær	Norge Polen Sverige
Sukker og søtning	Danmark Storbritannia USA
Aroma	Sveits Tyskland Nederland
Emballasje	Tyskland Danmark Storbritannia Litauen Nederland Norge Serbia

Basert på leverandører av råvarer og emballasje med innkjøpsomsetning > kr. 5 mil. i rapporteringsåret.

Er virksomheten leverandør til offentlig sektor?

Ja

Mål og fremdrift

MÅL OG FREMDRIFT I RAPPORTERINGSÅRET

1

Mål: Implementere nytt web-basert eigenrapporteringssystem for leverandører med nyutvikla spørjeskjema.

Status: Gjennomført. Nye eigenrapporteringsskjema for leverandører skal sendast ut Q1 2020.

2

Mål: Vidareutvikla kommunikasjon av vårt arbeid med etisk handel gjennom våre digitale plattformer i tråd med "Frukt og Bærkraft" strategien.

Status: Gjennomført. Artikkel publisert på nettsida om vårt fokus og arbeid med etisk handel. Andre artiklar er planlagt.

3

Mål: Oppdatere våre standardavtaleverk for leverandører i tråd med våre etiske retningslinjer, som også kan inkludere nokre punkt om kva leverandører kan forventa frå oss.

Status: Planlagt 2020.

MÅL FOR KOMMENDE ÅR

1

Lansering av nytt web-basert eigenrapporteringssystemet for leverandører - utsending av nye leverandørspørjeskjema Q1, og påfølgjande datainnsamling, kartlegging og rapportering.

2

Oppdatere våre standardavtaleverk for leverandører i tråd med våre etiske retningslinjer, som også kan inkludere nokre punkt om vår innkjøpspraksis og kva leverandører kan forventa frå oss.

3

Utvikla dokumentert prosedyre og rutinar for ansvarleg avslutning av leverandørforhold på bakgrunn av manglande vilje til forbedring hjå leverandører.

4

Vidareutvikla vår eigen policy for aktsomheitsvurderingar og berekraftig forretningspraksis i tråd med vår "Frukt og Bærkraft" strategien.

Policyen bør integrere dei etiske retningslinjene for vår verksemd og for våre leverandører, og bør kommuniserast offentleg på heimesida vår.



1

Forankring av bærekraft i virksomheten

Forankring av bærekraft i virksomheten handler om å ha relevante policyer og retningslinjer på plass, og effektive styringssystemer for implementering av disse. Sentralt i dette er virksomhetens arbeid med aktsomhetsvurderinger. Det vil blant annet si å ha strategier og planer for hvordan virksomheten identifiserer og håndterer virksomhetens negative påvirkning/skade på mennesker, samfunn og miljø, også gjennom forretningsforbindelser og i leverandørkjeden. Gjennom å håndtere dette på en god måte bidrar virksomheten til oppnåelse av bærekraftsmålene. Tydelig forventning fra toppledelsen, samt tydelig plassering av ansvar for implementering av de ulike delene av aktsomhetsvurderinger er viktig. Alle involverte må vite hva de skal gjøre. Arbeid med bærekraft bør være en integrert del forretningsdriften. Åpenhet om forpliktelser virksomheten har til seg selv, utfordringer og hvordan dette håndteres, er vesentlig.

1.A Policy for egen virksomhet

1.A.1 Hva sier bedriften offentlig om sine forpliktelser til å respektere mennesker, samfunn og miljø?

Berekraft er eit nøkkelelement i vår langsiktige strategi som vart vedteken av styret på slutten av 2018. Hå oss heiter det "Frukt og Bærkraft" med fire definerte fokusområde for berekraft, nemleg Menneske, Sunnheit og helse, Miljø, Frukt og bær.

Vår forpliktelse til samfunnsansvar og miljøbevisstheit er kommunisert offentleg gjennom heimesida vår, samt informasjon om vårt medlemskap med Etisk handel Norge og vårt arbeid med etisk handel:

<https://www.lerum.no/frukt-og-berkraft>

<https://www.lerum.no/frukt-og-ber-blogg/etisk-handel-er-viktig-fokus-i-lerum>

Vårt arbeid med etisk handel vert rapportert årleg til Etisk handel Norge, og rapporten er offentleg tilgjengeleg.

1.A.2 Hvordan er policy for egen virksomhet blitt utviklet og forankret?

Våre egne etiske retningslinjer for vår verksemd vart først vedtekne av styret i 2011, og sist oppdatert i 2019.

Våre etiske retningslinjer for leverandørar vart først forankra i styremøte i 2012, og den siste versjonen vedteken av styret i 2017. Retningslinjene er i tråd med Etisk handel Norges prinsipperklæring og seier også noko om kva våre leverandørar og samarbeidspartnarar kan forventa av oss som verksemd.

Ulike interne dokument og prosedyrar har vorte oppdatert til å omfatte etiske- og miljømessige krav. Dokumenta er no integrert i vårt styrande dokumentssystem.

1.B Organisering og internkommunikasjon

1.B.1 Hvordan er arbeidet med bærekraftig forretningspraksis organisert i bedriften, og hvorfor?

Arbeidet med bærekraftig forretningspraksis er godt forankra i bedrifta, både i leiinga og på tvers av avdelingar.

Personen med operativt ansvar for arbeidet med etisk handel i Lerum har ei delt stilling innan innkjøp, som skapar ei god oversikt over vår leverandørkjede.

I 2018 tilsette vi vår direktør for forretningsutvikling som har overordna ansvar for bærekraft hjå Lerum.

1.B.2 Hvordan blir ansatte gjort klar over at virksomheten skal være bærekraftig, og betydningen det har for de ansattes stilling og arbeidsoppgaver?

Ansvar for arbeidet med bærekraftig forretningspraksis er beskrevet i stillingsinstruksane for dei relevante tilsette. Instruksane finst i Personalhandboka på intranettet, samt etiske retningslinjer for verksemda.

Informasjon om vårt arbeid med etisk handel er inkludert i vårt introduksjonsprogram til nye tilsette. Programmet sikrar at nye tilsette får ei innføring i ansvarleg innkjøp, og informasjon om vårt medlemskap med Etisk handel Norge når dei startar i jobb hjå Lerum.

Tema vert teke opp på ulike interne møte, avdelingsmøte og informasjonsmøte, til dømes.

1.B.3 Hvordan sikres det at relevante ansatte har tilstrekkelig kompetanse til å gjennomføre arbeidet med aktsomhetsvurderinger?

Deltaking på eksterne kurs, seminar/webinar og forum for relevante tilsette.

Personen med operativt ansvar for arbeidet med etisk handel i Lerum deltek på ulike workshop, webinar og forum gjennom rapporteringsåret, både hjå Etisk handel Norge og med andre kurshaldarar.

Behovet for kompetanseheving vert identifisert ved årlege medarbeidarsamtalar.

1.C. Planer og ressurser

1.C.1 Hvordan er virksomhetens forpliktelser om å respektere mennesker, samfunn og miljø forankret i virksomhetens strategier og handlingsplaner?

I inneverande strategiperiode har vi valgt ut 4 område som vi har eit ekstra fokus på, nemleg Menneske, Sunnheit og helse, Miljø, og Frukt & Bær. Fokusområda er definert i forordet til denne rapporten, og vert knytte til følgjande FNs bærekraftsmål:

8: Anstendig Arbeid og Økonomisk Vekst – Menneske

3: God Helse - Sunnheit og helse

12: Ansvarlig Forbruk og Produksjon – Miljø

9: Innovasjon og Infrastruktur - Frukt & Bær

Implikasjonane for vår verksemd er at desse strategiane skal danna føring for våre handlingsplanar og vårt daglege verke, og leveransar følgast opp ved rapportering av framdrift for handlingsplanar og daglege tiltak som er relevant for dette temaet.

1.C.2 Hvordan følges virksomhetens strategier og planer for å være ansvarlig og bærekraftig opp i ledelse og styret?

Utføring av vedtekne strategiar vert gjort ved hjelp av handlingsplanar. Vedtekne handlingsplanar, status og framdrift på desse, vert fulgt opp i leiingsmøte og rapporterast til styret.

1.D Partnerskap og samarbeid med forretningsforbindelser, spesielt leverandører

1.D.1 Hvordan tydeliggjør virksomheten viktigheten av ansvarlighet og bærekraft i møte med forretningspartnere, spesielt i leverandørkjeden?

Våre etiske retningslinjer for leverandører har blitt vedtekne for å tydeleggjere krav og forventningar av våre forretningsforbindelsar i samband med berekraftig forretningspraksis. Vi formidlar våre forventningar om at leverandørane arbeider målretta og systematisk for å etterleve våre etiske retningslinjer (eller sine egne etiske retningslinjer), og at dei skal også vidareformidla og følgja opp retningslinjene hjå sine underleverandører.

Målet med dei etiske retningslinjene våre vert kommunisert gjennom ulike kommunikasjonskanalar, avhengig av leverandøren og situasjonen. Dette kan vere skriftleg ved utsending av dei etiske retningslinjer, eller i dialog med leverandører på møte eller ved besøk.

For oss er det effektivt og praktisk å bruke den same anledninga til å formidla både våre kvalitets- og etiske krav og forventningar, samt kva leverandørane kan forventa frå oss i samband med vår innkjøpspraksis.

Etiske retningslinjer er integrert i vårt standardavtaleverk for leverandører.

Våre etiske retningslinjer for leverandører er tilgjengeleg både på norsk og engelsk. Med våre leverandører i Polen, brukar vi ein lokal agent som tolk. Våre mellomledd i Kina er i stand til å hjelpe oss med tolkinga.

Indikator

Prosent av leverandører som har akseptert retningslinjer for leverandører



Basert på innkjøpsomsetning for rapporteringsåret.

1.E Erfaringer og endringer

1.E.1 Hvilke erfaringer har virksomheten gjort seg om arbeidet med bærekraft i rapporteringsåret, og hva har endret seg som et resultat av dette?

I rapporteringsåret vart det identifisert eit behov for å utvikla ein dokumentert prosedyre og rutinar for ansvarleg avslutning av leverandørforhold, på bakgrunn av manglande vilje til forbedring hjå leverandørar. Dette har blitt diskutert internt og utvikling er planlagt 2020.

2

Fastsette fokus for rapporten

Kartlegging av virksomhetens påvirkning på mennesker, samfunn og miljø

Kartlegging handler om å identifisere virksomhetens risiko for, og faktiske negative påvirkning eller skade på mennesker, samfunn og miljø, inkludert i leverandørkjeden og gjennom forretningsforbindelser. Det handler om å først danne seg et overordnet risikobilde, for så å prioritere mest vesentlige risikoområder for grundigere kartlegging og håndtering av funn. Hvordan virksomheten er involvert i eventuell negativ påvirkning på mennesker, samfunn og miljø, er sentralt for å avgjøre riktig respons og tiltak. Involvering av interessenter, spesielt påvirkede parter, er sentralt i kartleggingsarbeidet, så vel som i tiltak for å håndtere utfordringene på en god måte.

2.A Kartlegging og prioritering

PRIORITERT NEGATIV PÅVIRKNING/SKADE FOR MENNESKER, SAMFUNN OG MILJØ

Å prioritere en eller flere risikoområder på bakgrunn av alvorlighetsgrad, betyr ikke at noen risiko er viktigere enn andre, eller at virksomheter ikke gjør noen med annen risiko, men at det som har størst negativ påvirkning prioriteres først. Kartlegging og prioritering er en kontinuerlig prosess.

2.A.1 List opp virksomhetens prioritert risiko for negativ påvirkning/ skade for mennesker, samfunn og miljø.

Prioritert negativ påvirkning / skade	Relatert tema	Geografi
Utnytting av migrantarbeidarer / sosial dumping	Tvangsarbeid Helse, miljø og sikkerhet Lønn Arbeidstid	Norge Den europeiske union
Arbeidstakarrettar	Tvangsarbeid Fagorganisering og kollektive forhandlinger Diskriminering Korrupsjon	Brasil Kina

For innkjøp av sesongavhengige frukt, bær og konsentrat meiner vi at det er generelt høg risiko for oss.

Ved sesongarbeid og innleigd arbeidskraft kan risikoen for brot på våre etiske retningslinjer vere nærmare oss enn vi trur.

BEGRUNNELSE FOR HVORFOR DISSE UTFORDRINGENE ER PRIORITERT SOM MEST VESENTLIGE FOR MENNESKER, SAMFUNN OG MILJØ

2.A.2 Beskriv kort virksomhetens rutiner for kartlegging og identifisering av risiko og spesifikt hvordan den negative påvirkningen/skaden ble identifisert og prioritert i denne perioden. Beskriv hvordan informasjon ble hentet inn, hvilke kilder som er benyttet og hvilke interessenter som er involvert/ dere har snakket med.

I Lerum har vi veletablerte prosedyrer og rutiner for godkjenning og evaluering av leverandørane våre.

Vi har ei god oversikt over kvar alle våre råvarer og emballasje som blir levert til oss blir produsert.

Vi har eit overordna risikobilete på landsnivå som er oppdatert årleg og er basert på følgjande kjelder og indeksar:

- Transparency International Corruption Perceptions Index
- Environmental Performance Index
- International Trade Union Confederation Global Rights Index
- List of Goods Produced by Child or Forced Labour

Anna landbasert informasjon og rapportar kan samlast, den brasilianske "dirty list" i samband med tvangsarbeid til dømes.

I tillegg sjekkar vi eksistensen av ILO-konvensjonar, og etter behov samlar vi inn landsrapportar frå US Department of State om menneskerettigheitspraksis.

I rapporteringsåret har Etisk handel Norge bidrege til vår landbasert risikovurdering, som relevant til matbransjen og spesifikke produktkategoriar.

Årlege risikovurderingsmøte av leverandørar knytta til vår eigen database for leverandøroppfølging, erfaring i bransjen og arbeidet med etisk handel.

ANNEN NEGATIV PÅVIRKNING/SKADE

2.A.3 Beskriv annen negativ påvirkning/skade for mennesker, samfunn og miljø som ble identifisert i kartleggingen i egen virksomhet, leverandørkjeden eller hos forretningsforbindelser i rapporteringsåret og hvordan disse er håndtert.

I rapporteringsåret kjøpte vi inn ei ny råvare som vi brukte for nokre år sidan. Innkjøp av denne råvara er gjennom to mellomledd. Gjennom leverandørgodkjenning- og kartleggingsprosessen oppdaga vi at mellomledda hadde bytta ut produsenten som var brukt tidlegare, og hadde begynt å kjøpe råvara frå Ecuador. Basert på resultatet frå vår landbaserte risikovurdering, samt historikk for barnearbeid i bransjen der, vart avgjerdsla teken om at vi skal sjå på alternative produsentar.

Miljøpåverknad frå vår verksemd for matsvinn er kartlagd og reportert i rapporteringsåret, i samsvar med signert bransjeavtale for å redusere matsvinn.

3

Håndtering av prioritert påvirkning

Stanse, forebygge eller redusere negativ påvirkning

Stanse, forebygge eller redusere handler om å håndtere funn fra kartleggingen på en god måte. Virksomhetens mest vesentlige negative påvirkning på mennesker, samfunn og miljø prioriteres først. Dette betyr ikke at annen risiko er mindre viktig eller at det ikke håndteres. Hvordan virksomheten er involvert, er sentralt for å treffe riktige tiltak. Faktisk negativ påvirkning/skade som virksomheten forårsaker eller bidrar til må stanses, forebygges og reduseres. Virksomheter som er direkte forbundet med negativ påvirkning må bruke sin innflytelse til å få forretningsforbindelser (f.eks. leverandører) til å stanse, forebygge og redusere dette. Dette innebærer å utvikle og iverksettes planer og rutiner for å håndtere risiko, og kan kreve endringer i egne policyer og styringssystemer. Virksomheters vellykkede håndtering av negativ påvirkning på mennesker, samfunn og miljø er et avgjørende bidrag til FNs bærekraftsmål.

3.A Stanse, forebygge eller redusere

3.A.1 Legg til mål, status på fremdrift, og beskriv tiltak dere har iverksatt for å håndtere virksomhetens prioriterte negative påvirkning/skade på mennesker, samfunn og miljø

Prioritert negativ påvirkning/skade	Utnytting av migrantarbeidarar / sosial dumping
Overordnet mål :	For å sikre anstendige og rettferdige arbeids- og buforhold for sesong/migrantarbeidarar i samsvar med nasjonale lovverk eller industri standardar, slik at ingen blir behandla ulikt.
Status :	Pågåande.
Mål i rapporteringsåret :	I rapporteringsåret har vi halde fram med fokus på norske frukt og bær og på arbeidsforholda for sesongarbeidarane hjå leverandørane våre.

Utforte tiltak og begrunnelse :

Oppfølgingsbesøk etter leverandørrevisjonar førre år, i lag med mellomledet.

Leverandørrevisjon av ny leverandør, samt besøk av underleverandør.

Utvikling av nye eigenrapporteringsskjema for leverandørar som skal rullast ut med det nye systemet tidleg neste år. Dette vil utvide vår datainnsamling og gje oss meir detaljert kartlegging av våre leverandørar for å effektivisere fokusområder for oss, og sjå på problemstillingar.

Prioritert negativ påvirkning/skade	Arbeidstakarrettar
Overordnet mål :	For å velje leverandørar som deler våre verdier og prinsipp, som viser stor grad av openheit, og fokusere på å fremje anstendige arbeids- og miljøforhold i leverandørkjeda.
Status :	Stabilt
Mål i rapporteringsåret :	Ingen spesifikke mål i rapporteringsåret, men meir detaljert landbasert kartlegging utført i samband med arbeidsforhold i Brasil.

Utførte tiltak og begrunnelse :

Val av sertifiserte leverandørar for å førebygga og redusere risiko.

Val av leverandørar som er medlemmar av globale anerkjente medlemsorganisasjonar med fokus på menneskerettar, arbeidstakarettar, miljø og antikorrupsjon (UN Global Compact, SEDEX).

Val av leverandørar med eigen CSR-rapportering eller andre berekraftige initiativ.

Val av leverandørar med eit etablert system for sporbarheit, ved sertifisering eller blockchain.

Kjennskap til leverandørar - mange av våre leverandørar har levert til oss i mange år, og vi har eit godt langsiktig arbeidsforhold med dei fleste.

Utvikling av nye eigenrapporteringsskjema for leverandørar som skal rullast ut med det nye systemet tidleg neste år. Dette vil utvide vår datainnsamling og gje oss meir detaljert kartlegging av våre leverandørar for å effektivisere fokusområder for oss, og sjå på problemstillingar.

ANDRE TILTAK FOR Å HÅNDTERE NEGATIV PÅVIRKNING/SKADE:

Beskriv virksomhetens gjennomgripende tiltak for å stanse, forebygge eller redusere negativ påvirkning/ skade på mennesker, samfunn og miljø i leverandørkjeden

3.B.1 Reduksjon av miljø- og klimafotavtrykk

Gjennom våre egne produksjonsprosesser og ansvarleg innkjøp, kan vi bidra til å redusere negative miljøpåverkingar.

I våre egne produksjonsprosesser har Lerum dei siste åra sett i gang ei rekke prosjekt for å redusere energiforbruk, vassforbruk og bidra til det grønne skiftet. Vi er ei bedrift som har nærast 100 % fossilfri energibruk via elkraft og gjenvinning. Gjennom bruk av effektivt utstyr og ny teknologi gjenvinn vi overskotsvarme frå produksjonsprosessen og kjøl-/frysemaskin til dampproduksjon, oppvarming og forvarming av varmt tappevatn. Vi har interne prosedyrar og rutinar for oppfølging og rapportering av vårt energi- og vassforbruk.

I 2017 inngjekk vi sektorsamarbeid ved signering av bransjeavtalen om reduksjon av matsvinn, og dermed bidra til å redusere vårt karbonavtrykk. Bransjeavtalens overordna mål er å redusere matsvinnet i Norge med 50% innan 2030.

Med ansvarleg val av råvarer og emballasje kan vi bidra til å redusere negative miljøpåverkingar på fleire måtar. Her er nokre døme:

- Vi prioriterer å kjøpe kortreist frukt og bær når det er mogleg.
- Vi sjekkar om råvarene levert til Lerum inneheld palmeolje. Dette er kontrollert for å sikra at berre berekraftig/sertifisert og sporbar palmeolje er brukt hjå leverandørane våre.
- Emballasjen til saft- og brusflasker er PET preformer, som skal pantast ("reduce, reuse, recycle and renew").
- Alle juskartongane og bølgepappen er FSC merka, som sikrar ei fornuftig og berekraftig utnytting av skogsområde.
- All emballasjen til Lerum skal attvinnast.
- Vi er kontroll-medlem av Grønt Punkt Norge. Dette forpliktar oss til å velje leverandørar i Noreg som og er medlemar for å sikra finansiering av returrordningane for emballasje.

3.B.2 Tilpassing av egen innkjøpspraksis (sourcing)

Lerum er ei familiebedrift som har eksistert i over 110 år. Vi ønskjer å ha eit langsiktig forhold til leverandørar og samarbeidspartnarar som deler våre verdiar, og som ønskjer å fremje anstendige arbeids- og miljøforhold i leverandørkjeda. Mange av våre leverandørar har levert til oss i mange år, og vi har eit langsiktig forhold til dei fleste.

Dei fleste råvarene vi kjøper er sesongavhengige, og kvalitet/tilgjenge kan variere frå år til år. På grunn av dette inngår vi langsiktige kontraktar og samarbeid for våre innkjøp, for å sikra at kvalitetskrava våre er fulgt og at varene er levert til avtalt tid. Dette gir leverandøren trygghet for å planlegge sesongen og nødvendig innleige av arbeidskraft, som bærplukkarar til dømes.

Vi har aktivt jobba med å lage eit betre prognosesystem og dette gjer at leverandøren lettare kan planlegge produksjon. Vi nyttar prognosesystem for å gi leverandørane forutsigbarheit. I tillegg inngår vi avtalar med ein tidshorisont som strekk seg over fleire år og/eller fleire uttak av produkt.

God innkjøpspraksis og samarbeid resulterer i gode, langsiktige relasjonar med våre leverandørar, som er av stor betydning for oss. I tillegg sikrar dette at fabrikkens vår fungerer godt, og at vi har tid til å planlegge kapasiteten framover.

3.B.3 Valg av produkter og sertifiseringer

Val og utvikling av produkt basert på kriterium for berekraft kan vere svært effektivt for å førebygga og redusere risiko.

I tillegg til vår BRCGS sertifisering for mattrygghet, er Lerum Fairtrade sertifisert for produksjon av Fairtrade appelsinjus som vi produserer med kjedene sine egne merke. Derfor kjøper vi (delvis) appelsinkonsentrat som er Fairtrade merka. Fairtrade-standarden sikrar betre arbeidsforhold og handelsbetingelsar for bønder og arbeidrarar i utviklingsland. Det gjer at dei kan investere i produksjon, lokalsamfunn og ei berekraftig framtid.

Vi meiner at vi kan skape ein forskjell med val av sertifiserte leverandørar, og leverandørar som har fokus på berekraft og miljø.


Dei fleste av leverandørane våre er sertifiserte, og vi prioriterer val av sertifiserte leverandørar der det er mogleg.

I tillegg til sosial- og miljømessig sertifisering (definert nedanfor) er mange fleire av leverandørane våre kvalitetssertifiserte, noko som og kan bidra til å redusere negative påverkingar på viktige område som sporbarheit og systematisk leverandørøppfølging til dømes.

Fleire av leverandørane våre er og medlemmar av ein globalt anerkjent medlemsorganisasjon med fokus på menneskerettar, arbeidstakarrettar, miljø og antikorrupsjon, UN Global Compact, Etisk handel Norge, SEDEX, til dømes.


Indikator

Andel av innkjøpte råvarer og emballasje som er gjenstand for sosial- og miljømessig sertifisering



Basert på innkjøpsomsetning for rapporteringsåret.

Andel av innkjøpte råvarer og emballasje som er gjenstand for kvalitets sertifisering (GFSI-akkreditert)



Basert på innkjøpsomsetning for rapporteringsåret.

3.B.4 Støtte aktivt opp om fri fagorganisering og kollektive forhandlinger, eller der lovverket ikke tillater dette, støtte aktivt opp om andre former for demokratisk valgt arbeiderrepresentasjon

Retten til fagorganisering og kollektive forhandlinger er forankra i våre etiske retningslinjer for leverandørar.

Som ein del av kartleggingsprosessen har det vorte stilt spørsmål om fagorganisering og kollektive forhandlinger ved leverandørbesøk eller på leverandørmøte.

Hjå dei norske frukt- og bærleverandørane som vi reviderte, var sesongarbeidarane representert av gruppeleiarar frå sitt eige land.

På besøk hjå ein av våre kinesiske leverandørar, vart arbeiderane der representert av ein fagforening, og informasjon vart offentleg vist i fabrikk.

Utfordringar og avgrensingar på dette området kan oppstå i land som ikkje har ratifisert ILO-konvensjonen for fagorganisering og kollektive forhandlinger eller der lovverket er avgrensa, som i Kina til dømes.

Vidare kartlegging på dette området er planlagt 2020 ved implementering av det nye eigenrapporteringsystemet for leverandørar.

3.B.5 Bidrag til utvikling, kompetanseheving og opplæring av leverandører og arbeidere i leverandørkjeden

Vi meiner det kan vere behov for kompetanseheving hjå småskalaleverandørane våre for å skape ei betre forståing rundt arbeidet med etisk handel, og for å påverka andre lenger ned i leverandørkjeda (produsentar og deira fruktdyrkarar til dømes).

Ansikt til ansikt dialog ved leverandørbesøk eller på oppfølgingsmøte fungerer godt som eit effektivt tiltak for å styrka gjensidige forståing rundt arbeidet med etisk handel og utfordringar som kan oppstå, samt samarbeid med mellomledda.

3.B.6 Andre planer og utførte tiltak for å håndtere negativ påvirkning/skade

Djupare kartlegging er planlagt 2020 ved implementering av det nye eigenrapporteringsystemet for leverandørar. Dette vil gje oss meir detaljert informasjon frå våre leverandørarar og vil gjere oss i stand til å fokusere på tiltak for å håndtere negative påverkingar. Informasjon rundt, til dømes, kor mange migrant/sesongarbeidarar dei tilsette frå kva land, om dei brukar bemanningsbyrå i prosessen, eller i kva grad dei har etablerte prosedyrar og rutinar for leverandøroppfølging- og overvaking.



4

Overvåking av gjennomføring og resultater

Overvåkning av gjennomføring og resultater handler om hvorvidt virksomheten gjør gode aktsomhetsvurderinger. Er kartlegging og prioritering av mest negativ påvirkning gjort på en faglig god og troverdig måte, og som reflekterer de faktiske forholdene? Virker tiltakene for å stanse, forebygge og redusere virksomhetens negative påvirkning/ skade etter hensikten? Er skade gjenopprettet der det er relevant? Dette kan gjelde tiltak virksomheten gjør selv og som utføres av eller i samarbeid med andre. Virksomhetene må ha rutiner og systemer for å overvåke gjennomføringen og resultatene for å kunne vurdere disse. Erfaringene virksomheten gjør seg med arbeidet med aktsomhetsvurderinger, brukes for å forbedre prosesser og resultater i fremtiden.

4.A. Overvåke og evaluere

4.A.1 Beskriv hvem som har ansvar for å overvåke effekten av tiltak iverksatt for å håndtere virksomhetens vesentlige negative konsekvenser for mennesker, samfunn og miljø, og hvordan overvåkingen gjennomføres i praksis

Ansvar er delt internt i bedrifta avhengig av tiltaket. Vår direktør for forretningsutvikling har overordna ansvar.

I praksis blir overvåking gjennomført generelt av datainnsamling og rapportering.

Enkeltesaker blir rapportert, diskutert og evaluert internt på statusmøte med relevante interessentar.

4.A.2 Beskriv hvordan dere sannsynliggjør at virksomhetens og forretningsforbindelsers (f.eks. leverandørers) tiltak for å identifisere, forebygge og redusere negativ påvirkning faktisk fungerer.

Behandlingen av gjenopprettingssaka i rapporteringsåret var lærerikt. Dette demonstrerte at godt samarbeid kombinert med grundig dokumentering, rapportering, og god kommunikasjon førte til gode resultat.

Saka har igjen framheva at den underliggjande risikoen ofte er lenger nede i leverandørkjeda, utover første ledd.

Om gjenopprettingstiltaka i rapporteringsåret var proaktive vil verte tydeleg i den kommande sesongen, og framover ved å følge våre prosedyrar for leverandørøppfølging- og overvåking.

A woman with dark hair tied back, wearing a light blue button-down shirt and a brown leather apron, is looking down at a large, industrial-style metal pot or pan on a stove. The background is a blurred kitchen setting.

5

Kommunikasjon av hvordan negativ påvirkning/skade er håndtert

Forutsetningen for god ekstern kommunikasjon om arbeidet knyttet til virksomheters aktsomhetsvurderinger for bærekraftig forretningspraksis er at den bygger på konkrete aktiviteter og resultater. Det vil si ekstern kommunikasjon av policyer og retningslinjer, prosesser og aktiviteter knyttet til å identifisere og håndtere bedriftens faktiske og potensielle negativ påvirkning på mennesker, samfunn og miljø, inkludert funn og effekt og resultater av tiltakene/aktivitetene.

5.A. Kommunisere eksternt

5.A.1 Beskriv hvordan virksomheten kommuniserer med berørte interessenter om håndteringen av negativ påvirkning/skade

Internt er arbeidet rundt etisk handel godt forankra i bedrifta. Tema vert teke opp på ulike møte, informasjonsmøte og avdelingsmøte då det står fast på agendaen til dømes. Enkeltsaker handterast i interessentdialog og gjennom jamlege statusmøte.

Eksternt er vårt arbeid med berekraftig forretningspraksis og medlemsskapet i Etisk handel Norge kommunisert gjennom ulike kommunikasjonskanalar til ulike berørte interessentar.

Informasjon om korleis arbeidet er forankra og drive fram i bedrifta kan forteljast i ulike anledningar med interessentar, på møte, ved besøk eller skriftleg til dømes.

Utfylling av spørreskjema frå kundar kan til dømes vere ei god anledning til å dele informasjon om vårt arbeid med berekraftig forretningspraksis. Informasjon om våre verdiar, kva system og policy vi har på plass, kva risiko vi har kartlagt og prioritert, og tiltak vi har implementert for å bidra til å redusere negative påverkingar i leverandørkjeda.

Med handtering av enkeltesaker av negativ påverking er det særleg viktig for oss å ha eit godt samarbeid og kommunikasjon med våre leverandørar, og for å informere dei som kan bli berørt av våre forretningshandlingar (eller forretningshandlingar av våre leverandørar), som kundar til dømes.

5.A.2 Beskriv hvordan virksomheten kommuniserer offentlig rundt eget arbeid med kartlegging og håndtering av negativ påvirkning/skade

Informasjon om vår satsing på samfunnsansvar og miljø er publisert på vår nettside som ein del av vår "Frukt og Bærkraft" strategi.

Vårt arbeid med etisk handel vert rapportert årleg til Etisk handel Norge, og rapporten er offentleg tilgjengeleg.


I rapporteringsåret har vi bidrege til studiar om etisk handel ved ein presentasjon hjå Kaupanger Skule. Tidlegare har vi presentert i lag med Etisk handel Norge hjå Høgskulen på Vestlandet.



6

Gjenoppretting der dette er påkrevd

Når en virksomhet har identifisert at den har forårsaket, eller bidratt til skade, på mennesker eller samfunn, håndteres den skaden gjennom å sørge for gjenoppretting, eller samarbeide om gjenoppretting. Gjenoppretting kan innebære økonomisk erstatning eller kompensasjon, en offentlig beklagelse, eller at en skade på annet vis rettes opp. Det handler også om å sørge for tilgang til klageordninger for arbeidere og/eller lokalsamfunn slik at de kan få sin sak hørt og håndtert.



6.A Gjenoppretting

6.A.1 Beskriv virksomhetens policy for gjenoppretting ved negative konsekvenser for mennesker, samfunn og miljø

Ved å vere medlem av Etisk handel Norge har vi forplikta oss til å jobbe for berekraftig forretningspraksis som respekterer menneske, samfunn og miljø. Vi jobbar aktivt med våre leverandørar, eller i vårt val av leverandørar, for å gjere forbetringar i vår leverandørkjede. Dette er i tråd med Etisk handel Norges prinsipperklæring og våre etiske retningslinjer for leverandørar.

Ved brot på dei etiske retningslinjene vil vi samarbeide med leverandøren vår (og eventuell mellomledda) for å lage ein plan for gjenoppretting innan ein rimeleg avtalt tid.

Viss leverandøren etter fleire forsøk syner uvilje til å samarbeide for å implementere forbetringar, må vi vurdere ansvarleg avslutning av leverandørforholdet.

Beskriv eventuelle tilfeller av gjenoppretting i rapporteringsperioden

I rapporteringsåret måtte vi avslutta eit leverandørforhold på bakgrunn av manglande vilje til å samarbeide for å implementere forbetringar, primært i samband med buforhold og sanitærfasilitetar for dei tilsette sesongarbeidarane. Til tross for fleire forsøk på samarbeid etter leverandørrevisjonen førre år, var det tydeleg ved oppfølgingsbesøket at ingen korrigerande tiltak eller forbetringar hadde blitt gjort eller var sett i gang/planlagt.

I rapporteringsåret var det ei sak i media om mogleg menneskeshandel av bærplukkarar som var knytt til ein av våre norske bærleverandørar og nokre av deira bærprodusentar. Bemanningsselskapet dei hadde brukt var sikta av politiet for menneskehandel og utnytting av sesongarbeidarane.

Så snart saka vart kjent for oss, starta vi med tett dialog og godt samarbeid med leverandøren vår for å etablere ein plan for gjenoppretting. Først og fremst var avtalen med bemanningsselskapet straks oppsagt av alle bærprodusentane som var involverte i saka.

På grunn av politiet si pågåande etterforsking måtte vi fokusere på korrigerande tiltak for forbetringar etter at leverandøren vår terminerte avtalen med bemanningsselskapet.

Strakstiltak vart gjennomført hjå bærprodusentane som var involverte i saka for å sikre at dei aktuelle sesongarbeidarane i perioden etter oppseiinga av avtalen hadde arbeidsforhold og lønn i samsvar med arbeidsmiljølova. I denne perioden hadde sesongarbeidarane signerte arbeidsavtalar direkte med dyrkarane, ut sesongen. Alle sesongarbeidarane fekk minstelønn for perioden i samsvar med forskrift om allmenngjering av tariffavtale for jordbruks- og gartnerinæringane.

Tiltaka har vorte dokumentert overfor Lerum og etterkontrollert av oss. Stort sett var dokumentasjonen i orden, og dette synte forståing og vilje til samarbeid for å rette opp i situasjonen. Ved dokumentgjennomgangen var det avdekka 3 mindre avvik i samband med arbeidstimar og overtidstillegg. Desse, samt korrigerande tiltak, har blitt kommunisert og er blitt retta opp.

Eit fellesmøte og leverandørrevisjon før/ved neste sesong er planlagt.

Samarbeid, støtte og god kommunikasjon var nøkkelement i prosessen for å behalda- og styrka forretningsforholdet gjennom behandlinga av saka.

Det er svært viktig for oss å informere dei som blir berørte av våre forretningshandlingar i slike situasjonar. I denne saka har alle kundane våre blitt informert og oppdatert, samt Etisk handel Norge.

6.B Tilgang til mekanismer for gjenoppretting

6.B.1 Beskriv hva selskapet gjør for å sikre at påvirkede arbeidere og lokalsamfunn har tilgang til effektive mekanismer for gjenoppretting, når det er aktuelt

Internt har vi gode rutinar og prosedyrar på plass for eigen klagebehandling, både for bedrifts- og forbrukarmarknaden. Våre tilsette er representert ved tillitsvalde og verneombud, med tilgang til eit elektronisk registreringssystem for forbetningsforslag, HMS avvik, og for anonym varsling.

Våre etiske retningslinjer for leverandørar inkluderer eit prinsipp om at våre leverandørar skal ha eit velfungerande system for handtering av klagar knytta til menneskerettar, arbeidstakarrettar, miljø og korrupsjon.

Kontaktinformasjon:

Lerum AS

Lorraine Thompson, Rådgivar innkjøp og etisk handel ansvarleg
lorraine.thompson@lerum.no